

OPPLÆRINGSKONTORET FOR INDRE HORDALAND

Fleirfagleg opplæringsorganisasjon innan fagopplæring



Opplæringskontoret for
Indre Hordaland

VEDTEKTER

Vedteke 8. april 2003, sist endra 25.05.2023

1 ORGANISASJON

Opplæringskontoret for Indre Hordaland. OKIHO, er ein medlemsorganisasjon for verksemder i kommunane Voss, Vaksdal og Modalen, og Granvin og Ulvik herad, alle i Hordaland fylke, og i kommunane Vik, Aurland, Lærdal og Årdal i Sogn og Fjordane fylke. Kontorstad er Voss.

2 FØREMÅL

Opplæringskontoret skal på vegne av medlemsverksemdene arbeida for kompetanseheving.

Hovudoppgåva er å koordinera og gjennomføra tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova med forskrifter.

OKIHO skal fungera som eit fleirfagleg opplæringskontor.

Sentrale samarbeidspartar er skuleverket og yrkesopplæringsnemndene.

Kontoret har ikkje erverv som føremål.

3 MEDLEMER

Medlemer kan vera verksemder som åleine, eller saman med andre, kan verta godkjende av

yrkesopplæringsnemnda som læreverksemder. Det skal opprettast skriftleg avtale mellom kontoret og medlemene.

Dagleg leiar har fullmakt til å godkjenne søknader om medlemskap.

4 ÅRSMØTE

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av april. Innkalling til årsmøtet skal skje skriftleg med minst 14 dagars varsel. Med innkallinga skal fylgja:

Årsmelding, rekneskap, framlegg til budsjett og sakliste for årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama:

- a) Styret si årsmelding
- b) Rekneskap og revisormelding
- c) Budsjett
- d) Val av styre, styreleiar og nestleiar med varafolk
- e) Val av valnemnd på 2 personar
- f) Val av revisor
- g) Vedta fordelingsnøkkel på offentlege tilskot
- h) Fastsetjing av medlemskontingent
- i) Andre saker som styret legg fram, herunder endring av vedtektene

Saker som medlemsverksemdene ynskjer å fremja må vera styret i hende innan 1 mnd før årsmøtet.

På årsmøtet kan kvar medlemsverksemd møta med 2 personar frå leiinga og 2 personar frå dei tilsette.

Ved stemmegiving har kvar medlemsverksemd 1 røyst.

Årsmøtet avgjer alle vedtak med vanleg fleirtal av dei frammøtte vedtaksføre.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller $\frac{1}{4}$ av medlemsverksemdene krev det.

5 STYRET

Styret skal vera samansett av 6 medlemmer med varafolk, der ein av dei er styreleiar og ein er nestleiar. Nestleiar har styreleiar sine oppgåver og fullmakter ved styreleiar sitt fråvær.

Styret bør ha ei samansetjing som sikrar dei ulike bransjar representasjon, 1 frå skuleverket, 4 frå medlemsorganisasjonen og 1 frå arbeidstakersida.

Funksjonstida for styremedlemene og varafolket er 2 år. Kvart år er minimum 2, men høgst 3 styremedlemmer på val.

Styreleiaren skal veljast blant medlemsverksemdene. Ved like stemmer har leiaren dobbeltrøyst.

Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmene er til stades, og ein av dei er styreleiar. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.

Styret har det overordna ansvaret for drifta av kontoret etter dei retningslinene årsmøtet har lagt opp.

Styret tilset dagleg leiar ved kontoret og gjev leiaren dei naudsynte fullmakter.

Det skal vidare:

- kalla inn til årsmøte etter gjeldande vedtekter

- leggja fram revidert rekneskap og framlegg til budsjett
- leggja fram årsmelding

6 OPPLÆRINGSKONTORET SI OPPGÅVE

Opplæringskontoret si oppgåve er å vera eit serviceorgan for medlemsverkemdene, og det skal:

- undersøkje trongen for kompetansehevande tiltak blant medlemsverksemdene
- planleggja utviklingstiltak og gjennomføra desse etter godkjende årsplanar
- syta for at det vert oppretta lærekontrakter med lærlingar innan dei tidsfrister som er sett
- syta for at lærlingen får opplæring i samsvar med læreplanane for faget
- ha kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i læreverksemda
- syta for at lærlingen framstiller seg til fagprøve
- gje råd og bidra til løysing av konflikter som måtte oppstå under læreforholdet
- syta for rekruttering av lærlingar innan bransjen
- kalla inn yrkesopplæringsnemnda sine representantar til årsmøtet

7 MEDLEMSVERKSEMDENE

Opplæringskontoret teiknar kontrakt med lærlingen.

Før kontrakt vert inngått, må kontoret ha avtale med medlemsverksemdene korleis evt læretida skal fordelast mellom dei.

Medlemsverksemdene må setje erfarne og fagutdanna personar som ansvarlege for opplæringa.

Medlemsverksemdene har arbeidsgjevaransvar og betaler lærlingen løn, feriepengar med mer og held han trygda i den opplæringstida verksemda har påteke seg.

Vesentleg brot på avtale eller vedtekter er gyldig grunn for oppseiing av avtalen

8 ØKONOMI

Opplæringskontoret sine inntekter er offentleg tilskot, årskontingent frå medlemsverksemdene og andre inntekter. Offentlege tilskot til lærlingane skal formidlast til opplæringskontoret.

Årsmøtet fastset fordelingsnøkkel som viser kor stor del av slike tilskot opplæringskontoret skal halda tilbake til dekking av drifta av kontoret. Resten vert overført til medlemsverksemdene i forhold til den tid lærlingen har vore tilsett.

Dersom tilskotssatsane vert endra eller opphøyrer, eller andre forhold fører til underskot, pliktar verksemdene å dekkja dette underskotet etter ein fordelingsnøkkel basert på den tida lærlingen har vore tilsett.

9 LØN OG BEDRIFTSTILSKOT VED HOSPITERING

Moderbedrifta betalar ut løn til lærling ved hospitering hjå anna bedrift i Noreg i løpet av læretida. Moderbedrifta fakturerer hospiteringsbedrifta den timeløna dei sjølve betalar lærlingen + sosiale kostnader. Dette etter timeliste frå hospiteringsbedrift.

Bedriftstilskotet for hospiteringsperioden vert tildelt hospiteringsbedrifta ved hospitering i bedrift i Noreg. Begge punkta konkretiserast i samarbeidsavtalen mellom bedriftene og Opplæringskontoret for Indre Hordaland.

Andre avtaler mellom moderbedrifta og hospiteringsbedrifta kan avtalast direkte mellom partane.

10 MØTERETT

Sekretariata for yrkesopplæringsnemndene har møterett, talesrett og forslagsrett på årsmøtet.

11 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene kan berre gjerast på årsmøtet, og då med 2/3 fleirtal av dei vedtaksføre frammøtte. 1/3 av medlemmene må vera til stades på årsmøte ved vedtektsendring.

Framlegg til vedtektsendring skal sendast ut saman med innkallinga til møtet.

12 UTMELDING

Utmelding skal skje til styret innan 6 månader før året går ut, og får då verknad for påfølgande år.

13 OPPLØYSING AV KONTORET

For oppløysing gjeld same vilkår som for vedtektsendring. Ved oppløysing avgjer årsmøtet korleis OKIHO sin formue skal fordelast på medlemmer pr. dags dato, basert på antal lærlingeår ved den einskilde verksemda i OKIHO.